

Gro Nilsdatter Røsth – Spelemannen frå Korsneset

Spelemannen frå Korsneset er ein historisk roman som er laust basert på livet til Karl Gustav Karlsen Korsnes som levde frå 1883 til 1942. Som ung gut drøymde Karl Gustav om å komme seg vekk frå den karrige garden i Tafjordfjella, og aller helst ville han komponere og spele slåttar. Men det blei med nokre års opphald ved Kong Oscar IIs Garde i Kristiania, så måtte han heim og ta over garden. **Spelemannen frå Korsneset** handlar om å reise ut og komme heim, og om å finne rom for musikken i kvardagens slit og plikter. Og ikkje minst handlar romanen om uthaldande kjærleik, for Anne Sofie må vente lenge på forloveden sin.

Spelemannen frå Korsneset er tilrettelagt for eldre som slit med å lese stor og massiv tekst, og vil fungere fint for folk med lettare demens. Romanen er skriven i eit poetisk og klart språk, og teksten flyt lett av garde. Setningane er korte og skrifta større enn vanleg. Men romanen er så rik og så medrivande at den går heim hos dei fleste lesarar. **Spelemannen frå Korsneset** blei utgitt på Skald forlag i 2018.

Gro Nilsdatter Røsth har skrive tjue barnebøker og nokre få bøker for vaksne, blant dei ei bok om oppveksten i Ålesund etter krigen. Mange av bøkene ho har skrive tidlegare er lettlesne, men **Spelemannen frå Korsneset** er likevel eit nybrottsarbeid, den er rett og slett Norges første lettlestroman for eldre.

Gro Nilsdatter Røsth er mottakar av **Ordknappen 2019** for romanen **Spelemannen frå Korsneset**.



LITT Å LESE